



Øystre Slidre kommune

STAB

Bygdinvegen 1989 2940 Heggenes

Til medlemmane i eldrerådet

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Arkiv:

Vår dato:

ROBMÅL - 20/5407

033, &17

28.05.2020

Protokoll frå møte i eldrerådet 25.05.2020

Tilstades: Solveig Rydland, Gudbrand Dahle, Astrid Lunde, Morten Steinsrud

Andre: Målfrid Robøle (sekretær)

Møte var saman med råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Sak 13/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Samrøystes godkjendt

Sak 14/20 Godkjenning og underskrift av protokoll frå møte 28.april 2020

Solveig Rydland og Morten Steinsrud underteikna protokollen

Vedtak:

Samrøystes godkjendt

Sak 15/20 Generell informasjon frå:

*IHT – presentasjonen ligg vedlagt

Gina Kvale Myreng leiar IHT og Ingrid Nordli avdelingsleiar IHT heimetenesta: Smitteverntitaka grunna korona vert fraleis nytta.Men det er opning for at bebuarar i siste fase av livet kan få møte familie under særleg tilrettelegging. Nytenkning vedrørande organisering og innhald i det nye Helsetunet er i gang. Det vert arbeid med tilrettelegging for velferdsteknologi i det nye Helsetunet og ulike firma er på banen.

*Miljøarbeidertjenesta

Astrid Avok leiar miljøtenesta på Brennabakkin:

30 tilsette. Manglar folk med relevant utdanning.Presiserte at folk med kompetanse her var viktig.

*Øvre Valdres demensforening

Anne Finnbråten leiar:

Om lag 4000 personer med demensdiagnose som er under 65år. Men større mørketal. Har dagtilbod.Viktig også her med personal med utdanning.

«Inn på tunet»prosjekt med 30 godkjente gardsbruk i Innlandet fylke. Dette har vist seg å vera eit bra tiltak for folk med demens, men treng og personleg assistent. Ikkje pengar til demensteam i vår kommune. Dette er sakneleg.

*Psykisk helsetjeneste

Hanne Svendsen som er leiar for psykisk helse:

Samarbeider med ma miljøtenesta ,heimesjukepleie og sjukeheimen.

Utgangspunkt er samtalen. Kognitiv terapi. Kan og ta kontakt privat. Her er ingen ventelister.

Presentasjonane vart teke til etterretning

Med helsing

Målfrid Robøle
Sentralbord